



Notat

Til: Tommy Veland

Kopi til: Anngunn Marie Gullbrå

Saksbehandler: Plan og byggesak/Anne Lise Molvik
Vår referanse: 22/4105 - 2 / GBNR-207/6, FA-L42
Dato: 28.06.2022

Emne: Vurdering frå byggesak - gbnr 207/6 Kalsås

Det vert vist til krav om endring av bygningskode for bustad på gbnr 207/6 frå kode 112 til 111 som er journalført mottatt 16.05.2022.

Det vart gitt løyve til oppføring av bustad på gbnr 207/6 i vedtak datert 18.04.1996. Av godkjende teikningar går det fram at det skal etablerast eige husvære i del av kjellar. Det er gitt mellombels bruksløyve for bygg med bustad/kjellarhusvære og garasje 30.11.1998. Det er opplyst i vedtaket at kjellarhusvære ikkje er ferdigstilt. Vi kan ikkje sjå at det er gitt ferdigattest for tiltaket.

Ut i frå dette synast som kode 112 i matrikkelen er riktig. Dersom rombruk ikkje er som vist på innsende teikningar bør oppdaterte teikningar som viser faktisk bruk av bygget sendast inn.

Kjellarhusværet slik vist på innsend planteikning har felles inngang med hovudhusvære og det er tilgang mellom dei to husværa gjennom fleire dører. Endring av bygningskode til einebustad og kode 111 vil derfor ikkje krevja søknad og løyve etter plan- og bygningslova. (ikkje eigen inngang og ikkje fysisk skild frå hov.husværet, jf. SAK10 § 2.2)

Saka vert oversend kart og oppmåling for vurdering etter matrikkellova.